



"FUCK JANTELOVEN" OG NI ANDRE GREP SOM KAN LØFTE VESTLANDET

MAI 2023 // VESTLANDSAKADEMIET





KVA ER VESTLANDSAKADEMIET?

Vestlandsakademiet samlar unge vestlendingar mellom 20 og 35 år. Deltakarane frå politikk, samfunn, kultur, idrett, frivillighet, næringsliv og øvrig samfunnsliv får innsikt i og kunnskap om viktige trendar og tematikker for Vestlandet.

Deltakarane i akademiet får også tilgang til nettverk, foredrag og drøftingar om tema som vil vera viktig for Vestlandet, Noreg og verda i åra som kjem.

Vi har fått prosjektfinansiering til dei to fyrste kulla av Vestlandsakademiet frå Sparebankstiftelsen SR-Bank. I tillegg mottek vi stønad frå Agenda Vestlandet.

Dette notatet er resultatet av eit arbeid på den femte samlinga til det andre kullet av akademiet. Deltakarane diskuterte korleis Vestlandet kan bli ein berekraftig region i framtida.

Tommy Aarethun

Prosjektleder for Vestlandsakademiet



Desse deltok på samlinga: Rasmus K. Skjong, Karsten Løvlid, Bjørn Olav Østeby, Sjur Selsvik, Merima Bektesevic, Jelle S. Bruin, Ida S. Lutro, Håvard Rørtveit, Kristoffer F. Sortland, Vegard I. Feste, Magni Rosvold, Birgitte Karlstrøm, Maria B. Hunvik, Pål Halle, Tina Totland Jensen og Mona Vølstad (ikkje på biletet).

- 1. Utnytte naturressursane i regionen**
- 2. Knyte regionen saman med infrastruktur**
- 3. «Fuck janteloven»**
- 4. Tettare samarbeid mellom akademia, næringsliv og offentleg sektor**
- 5. Vestlandet treng ein meir offensiv offentleg forvaltning**
- 6. Skape attraktiv lokalsamfunn**
- 7. Strategisk lokalisering av større satsingar**
- 8. Openheit om "tap" og toleranse**
- 9. Desentralisert sentralisering**
- 10. Handlekraft**



Dei ti grepa det vert peika på i dette notatet er ei samanstilling av arbeidet til fire grupper under den femte samlinga av Vestlandsakademiet i regi av Initiativ Vest 25. april 2022.

1. Utnytte naturressursane i regionen

Naturressursane er det viktigaste grunnlaget for verdiskapinga i regionen. For vidare utvikling er det avgjerande å utnytte ressursane på ein god måte.

Det krev politisk vilje, ikkje minst evna til å stå i dei tøffe sakene når debattane blir krevjande.

2. Knyte regionen saman med infrastruktur

Vestlandet er prega av høge fjell og lange fjordar. Det gjer det vanskelegare å frakte folk og varar effektivt. Regionen heng ikkje godt nok saman. Difor er det naudsynt med ein storstilt satsing på samferdsle, med betre veg, bane og sjøtransport.

I tillegg er det eit stort behov for infrastruktur knytt til det grønne skiftet. Det handlar til dømes om utbygging av nettkapasitet, men også om at Vestlandet bør gå i front for å få på plass moderne infrastruktur som gjer det mogleg å drive med fornybar energi på ein skånsom måte (Les: Radarsystem for fuglar knytt til vindmøller mm.)



Dei ti grepa det vert peika på i dette notatet er ei samanstilling av arbeidet til fire grupper under den femte samlinga av Vestlandsakademiet i regi av Initiativ Vest 25. april 2023.



3. "Fuck janteloven"

Vestlandet treng sterke og klare røyster som går føre, og menneske som torer å satse. Landsdelen bør bli flinkare på å dyrka, heia fram og løfta opp desse røystane.

Det er viktig for å skape debatt om dei viktige sakene for regionen, og for å styrke omdømmet til Vestlandet.

4. Tettare samarbeid mellom akademisk, næringsliv og offentlig sektor

Det blir hard kamp om kompetansen framover, ikkje minst for at Noreg og Vestlandet skal kunne ta ein leiarposisjon i det grøne skiftet. For å rekruttere og halda på dei kloke hovuda, må kontakten bli betre mellom akademisk, næringsliv og offentlig sektor. Desse aktørane bør gå saman for å utvikle ein ny modell for samarbeid.

Her har dei ein klar felles interesse og eit ansvar for å styrke regionen.

5. Vestlandet treng ein meir offensiv offentlig forvaltning

I ei verd som endrar seg raskt, må offentlig sektor vere ekstra offensiv. Nye initiativ og nye næringsaktørar krev at lokale styresmakter stiller opp. Det er eit spørsmål om vilje, som å ta i bruk eigen bygningsmasse, stille areal til disposisjon og få på plass raske reguleringsprosessar. Lokale insentiv for investeringar gjer regionen meir attraktiv.

I tillegg er det eit behov for lokale og regionale ordningar som kan gjera det enklare å investere både for privatpersonar og næringsliv i energieffektivisering mm., med anna også for å sikre energi til andre tiltak.

6. Skape attraktive lokalsamfunn

For å rekruttere menneske til næringsliv og forvaltning, må lokalsamfunna skape bulyst og utvikle attraktive lokalsamfunn. Kulturliv og fritidsaktivitetar gjer staden til meir enn berre ein plass å bu og jobba.

Kommunane må jobbe meir systematisk med rekruttering, og med oppfølging av dei som bur ein stad og den kompetansen som er der.

Ein må også sikre ordningar som sikrar at ein kan gjennomføre kompetanseheving og etterutdanning ved sidan av jobb - gjerne i tett samspel mellom utdanningsinstitusjon og arbeidsgjevar.



7. Strategisk lokalisering av satsingar

Det er naudsynt med ein strategisk debatt om kvar større satsingar i regionen vert lokalisert.

Kraftmangelen i fleire regioner illustrerer problemet. For å prioritere infrastruktur, må styresmaktaene ha eit bevisst forhold til korleis regionen skal utviklast.

Strategisk lokalisering av større satsingar er også relevant ut frå debatten knytt til kompetanse og tilgang på arbeidskraft.

Dei ti grepa det vert peika på i dette notatet er ei samanning av arbeidet til fire grupper under den femte samlinga av Vestlandsakademiet i regi av Initiativ Vest 25. april 2023.



8. Openheit om "tap" og toleranse

Den offentlege samtalen må vere open og ærleg, og i større grad få fram kva moglegheiter som finnast og kva «tap» ein er villige til å ta og kva ein som region er villige til å tolerere.

Det gjeld til dømes balansen mellom vern og vekst. Ting som kan vera krevjande og vanskeleg på kort sikt vil kunne vera ein viktig del av løysinga på sikt.

9. Desentralisert sentralisering

Ved å i større grad plassere satsingar til dei større regionale sentra, kan distriktsregionar utgjere ein motmakt mot sentraliseringa mot Oslo og storbyar. Det byggjer heile landsdelen og styrker den regionale utviklinga.

Ein avgjerande føresetnad for ei slik utvikling vil vera samspelet mellom dei respektive regionale sentra og deira omland.

10. Handlekraft

Har Vestlandet handlekrafta som skal til for å lukkast?

Deltakarane i Vestlandsakademiet etterlyser større handlekraft, ikkje minst knytt til store og viktige satsingar for regionen.

Sterkere samarbeid og meir utstrakt samhandling på tvers av kommune- og fylkesgrenser vert halde fram som eit av grepa som kan bidra til at regionen får meir handlekraft.

Mindre byråkrati og meir effektive prosessar for avgjersler vert trekt fram som andre grep som kan bidra til at ein får auka handlekraft.

